

Takkar for god mottaking!

20.11.2009



Nokre av loddseljarane slappar av etter runden. (Foto: Thor Inge Døssland)

Torsdag kveld var musikantane i skulemusikken rundt i bygda og selde lodd til julelotteriet. Salget var særst godt!! Etter loddrunden samlast loddseljarane til kos med pizza og saft. Stemninga blant dei var svært god. Hovudgrunnen til dette var nok den gode mottakinga dei hadde fått av så godt som alle loddkjøparane. Tilbakemeldingane dei hadde fått på skulemusikkaktiviteten var og mange og gode.

Dessverre var det eit par ruter som ikkje vart dekkja. Dette har samanheng med både sjukdom og nokre som ikkje dukka opp. Dessutan var det nokre som opplevde så godt sal at dei hadde tome bøker før dei var heilt til endes på ruta si. Dei komande dagane vil skulemusikkforeldre prøve å dekkja dei rutene som ein ikkje nådde over. I tillegg vert det loddsalg på butikken to fredagar fram mot jul.

Den juleprega gevinstlista er samansett av ei stor julekorg, gavekort på frisørtime, blomsterkorg og diverse god julemat frå lokale produsentar. Alt skulle vera kjærkome å vinna i førjulstida. Trekking er 11. desember.

Skulemusikantane og styret takkar bygdefolket for at vi alltid får så raus og god mottaking når vi kjem rundt med loddbøkene våre. Mange takk!!

Styret i skulemusikken.